



Voss herad

# VOSA<sup>+</sup> BARNEHAGEN

EIN GOD START FOR ALLE



## Tilstandsrapport for dei kommunale barnehagane i Voss herad – 2023

Frøydis Solbakk  
Beate Ringkjøb

# Føremål med tilstandsrapporten

- Tilstandsrapport for barnehage er ikkje lovpålagt, men rådmannen ønskjer at det blir lagt fram ein årleg tilstandsrapport for barnehage
- Informera om arbeidet som vert gjort for å sikra kvalitet for alle barn i vossabarnehagen
- Tilstandsrapporten vil gje nyttig oversikt og status på arbeidet, og vera eit godt verktøy for å ta gode val for utvikling av vossabarnehagen framover
- Tilstandsrapporten vil vera eit nyttig verktøy i arbeidet med oppfølging av både nasjonalt og lokalt planverk



# Vossabarnehagen



- Voss herad har 11 kommunale barnehagar, 7 private barnehagar og ein open barnehage i Vonheim
- I 2022 gjekk 94,5% av barna våre i barnehage, og av desse er det 507 barn i dei kommunale barnehagane
- Den lovfesta retten til barnehageplass gjeld for barn som har søkt barnehageplass innan hovudopptaket 1. mars, og fyller eitt år innan utgangen av november
- Voss herad greier å gje eit barnehagetilbod til alle som har lovfesta rett
- Voss herad greier ikkje alltid å gje eit tilbod om plass til alle som ønskjer plass i sentrumsområdet
- Skal barnehagane kunna ta inn fleire barn midt i året, krev det ledige plassar og auka tal stillingar i barnehagane

# Vossabarnehagen

- Me har 10 barnehagestyrarar i vossabarnehagane
- Felles styrar for Bolstad- og Evanger barnehage
- Voss barnehage og Klausabakken barnehage, som er dei to største barnehagane, har både styrar og assisterande styrar i 100 % stillingar
- Ved utgangen av 2022 hadde 47,30 % av dei tilsette i barnehagane i Voss herad utdanning som barnehagelærar
- Ved utgangen av 2022 hadde 22,20% av dei tilsette i barnehagane i Voss herad utdanning som barne- og ungdomsarbeidar
- I 2022 var 10,5 % av dei tilsette i barnehagen i Voss herad menn
- Voss herad er lærebodrift, og me tek kvart år inn lærlingar innan barne- og ungdomsarbeidarfaget




# Kva lukkast me med i vossabarnehagane?

- Foreldre som seier at barna deira trivst, har vene og har god relasjon til dei vaksne. Barna får òg god språkutvikling, sosial utvikling, utvikla lærelyst og nysgjerrighet i barnehagane våre. (Foreldreundersøkinga 2021)
- Felles satsingsområde i barnehagane våre
- God prosess i barnehagane etter kartlegginga av Agenda Kaupang – me vil skapa ein raud tråd i det me gjer gjennom å styrka styrarteamet, staka ut kurSEN og gjera gode vegval for den framtida me ynskjer for barnehagane våre
- Godt samarbeidsklima i styrargruppa og mellom barnehagane
- Tett samarbeid mellom oppvekst og styrarane
- Nettverk for ulike arbeidsgrupper
- Tidlig innsats, oppdaga barn med individuelle behov



# Foreldreundersøking

- Vossabarnehagane ligg om lag likt på alle parameter som resten av landet
- Våre barnehagar scorar 0,1 prosentpoeng høgare på barn sin trivsel, relasjon barn-voksen og barn si utvikling
- Våre barnehagar er 0,1 prosentpoeng mindre nøgd med ute- og innemiljø, og med medverknad



# Kompetanseheving

- Leiaropplæring i regi av Voss herad
- Fagmøte for leiarane
- Vidareutdanning/etterutdanning
- Nettverk
- Rekomp – regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage
- Planleggingsdagar, seks i året
- Personalmøte, to timer i mnd
- Kurs og webinar



# Kommunale støttefunksjonar

- Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)
- Betre tverrfagleg innsats-BTI-modellen og stafettlogg som del av BTI
- Helsestasjonen
- Barneverntenesta
- Barnehageteam
- Integreringstenesta
- Symjeopplæring i vossabadet



# Tilsyn

- Tilsynet skal vera eit verktøy for å sikra barn gode oppvekstvilkår og skal kvalitetssikra at barnehagane driv i samsvar med lover, forskrifter og kommunale vedtak.
- Det vert ført tilsyn med barnehagane gjennom innlevert dokumentasjon, som årsplansplan og årsmelding m.m.
- Det vert ført tilsyn med dei kommunale barnehagane sine budsjett, og dei private barnehagane sin årsrekneskap.
- I perioden 2023 – 2026 er tilsynsområde for varsla tilsyn kap. 8 i barnehagelova; Psykososialt barnehagemiljø, § 41 – 43



# Status om mat i vossabarnehagen

- Barnehagane føl nasjonale faglege retningslinjer om mat og måltid i barnehagen, utarbeida av Helsedirektoratet
- Politisk sak om kva grep ein kan ta for å betra matserveringa i dei kommunale barnehagane
- Har starta opp samarbeid med kjøkkenet på Vetleflaten



# Bemanningsnorm

- Minst ein tilsett per tre barn under tre år
- Minst ein tilsett per seks barn over tre år
- Minst ein pedagog per sju barn under tre år
- Minst ein pedagog per 14 barn over tre år
- I lov om barnehagar § 26, Grunnbemanning, heiter det at bemanninga må vera tilstrekkeleg til at personalet kan driva ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd. I tillegg til grunnbemanning, kjem bemanning som skal sikra barn sine rettar etter *Lov om barnehage §§ 31. Rett til spesialpedagogisk hjelp og 37. Barn med nedsett funksjonsevne.*



# Utfordringar - bemanning

- Låg grunnbemanning
- Underbemanning store delar av dagen
- Manglande pedagogar
- Manglande barne- og ungdomsarbeidrarar
- Manglande vikarar
- Rekruttering




# Korleis rekruttera?

- Auka bemanningstettleik og pedagognorm
- Tilby gode fagmiljø og god kvalitet i barnehagane våre
- Rettleiing av nyutdanna nytilsette pedagogar
- Vidare- og etterutdanning - stipendordningar
- Løn
- Seniortiltak
- Felles rekrutteringsarbeid i heradet



# Utfordringar - sjukefråvær

- Stort sjukefråvær i barnehagesektoren, og det er langtidsfråværet som er høgast
- Ligg på om lag 10%, med store variasjonar frå barnehage t barnehage, og frå kvartal til kvartal
- Heng saman med manglande bemanning, vert skvis mellon og bemanning
- Fysisk og psykisk krevjande yrke
- Eksponert for smitte, støy, barn som utøver vald – står i krevjande situasjonar over tid
- Det vert arbeida med sjukefråværet både på kommunenivå, leiarnivå og i den einskilde barnehage



# Kvalitet i barnehagane



- Barnehagen er den viktigaste førebyggande arenaen i mange barn sitt liv
- Dei tilsette sin kompetanse er av avgjerande tyding for barn si psykiske, fysiske, kognitive og sosiale utvikling, gjennom måten dei gjev omsorg og korleis dei skapar trygge og gode lærings- og utviklingsmoglegheiter
- Barnehagen i seg sjølv er tidleg innsats. Ein god barnehage, med god kompetanse og gode rammevilkår, er ei investering for heile livsløpet
- For å oppretthalda og vidareutvikla kvaliteten i vossabarnehagane, må me jobba nasjonalt og lokalt med rekruttering av nok tilsette, barnehagelærarar, fagarbeidrarar og assistentar til alle barnehagane
- Dette blir særskilt viktig for å kunna halda på det barnehagetilbodet og den barnehagestrukturen me har i dag

**Det er eit stort ansvar at alle barn i Voss herad skal ha ein trygg og god oppvekst, kjenna meistring og få realisert potensialet sitt for utvikling og læring. Det å skapa gode barnehagar for alle barn er difor ein av dei viktigaste oppgåvene for heradet.**

